



Desse bileta vart teke i Klaipeda i Litauen torsdag klokka 12. Då starta Eide Master frå Eide Marine Service i Høylandsbygd slepet av det 64 meter lange skroget til den avanserte fiskebåten Liafjord. Den er bygd ved Western Baltija Shipyard og skal utstyrt av Eidsvik Skipsbyggeri. Hvis dei får kontrakt på ein båt nummer 2 betyr det full sysselsetjing av 75 mann fram til neste vinter. I fyrste omgang blir 30-40 engasjerte. Slepet skulle ha starta 3.mars og er altså ikkje mykje forseinka.



Dagleg leiar Svein Arne Eidsvik opplysar til uskedalen.no at slepet no fredag kveld er i området nord for Bornholm og at det er venta til Uskedalen måndag ettermiddag eller kveld. Slepet held ein fart på 7 knop.

Det er Liegruppen Fiskeri på Straume som er oppdragsgjevar og den kombinerte snurpar og trålar skal vera klår for fiske i august. Hvis Eidsvik får den neste båten skal den vera klår i januar. Båtane blir utstyrt for eit lågast mogeleg forbruk av drivstoff.

Av Ola Matti Mathisen

Foto: Svein Arne Eidsvik

